



STATENS VEGVESEN

Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Vår dato:

25.01.2022

Vår ref.:

2022/43

Dykkar dato:

03.01.2022

Dykkar ref.:

Saksbehandlar, innvalstelefon

Bjørn Loland, 38 17 62 23

## Innspel til oppstart av detaljregulering for Rv. 9 Neset i Bygland kommune

Vi syner til brev dagsett 03.01.2022 frå Statens vegvesen med melding om oppstart av arbeidet med å lage reguleringsplan for Rv. 9 Neset i Bygland kommune.

### Føremål og planstatus

Føremålet med planen er å leggje til rette for utbetring av Rv. 9 over ei strekning på om lag 1,3 km forbi Neset camping i Bygland kommune.

### Innspel frå miljøvernavdelinga

Statsforvaltaren vil minne om at dersom planforslaget avviker vesentleg frå gjeldande plan, må forslagsstillar vise kva for konsekvensar avvika medfører, jf. pbl § 4-2. Planbeskrivinga må vise kva planen vil medføre for dei interesser og omsyn som gjer seg gjeldande i området. Manglar ved planbeskrivinga vil kunne vere ein sakshandsamingsfeil.

Statsforvaltaren vil påpeike at all planlegging etter plan- og bygningslova skal ivareta estetiske omsyn, jf. pbl. § 1-1 femte ledd. Både arealbruksformål i reguleringsplanen og reguleringsføresegn bør nyttast for å sikre estetiske omsyn.

Ved utarbeiding av planar for utbygging skal kommunen sikre at det blir gjennomført ein risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet, jf. pbl. § 4-3. Klimaendringar/ klimatilpassing skal også inngå i analysen, i den samanheng sjå bl.a. [www.klimatilpasning.no](http://www.klimatilpasning.no). Ei oppsummering av ROS- analysen skal inngå i planbeskrivinga. Tiltak for å hindre eller avgrense uønskte hendingar må takast inn i planen som arealformål, omsynssoner eller generelle føresegn jfr. pbl. §§ 11-7 til 11-10 og §§ 12-5 til 12-7.

Vi minner om at areal berre kan byggjast ut dersom det er tilstrekkeleg sikkerheit mot fare eller vesentleg ulempe som følgje av natur- eller miljøforhold jfr. pbl. § 28-1.

Planavgrensinga grenser/overlappar fleire stader avgrensinga til Botnfjell naturreservat som er under førebuing. Statsforvaltaren vil be om at det ikkje planleggjast tiltak innfor avgrensinga til det foreslårde verneområdet, og at planavgrensinga snevrast inn slik at den ikkje vil vere i konflikt med det framtidige naturreservatet.



Statsforvaltaren ber også om at det takast omsyn til registrert førekomst av lind ved rastepllass sør i planområdet. Omsynet til naturmangfaldet i området må vurderast og gjerast reie for, i tråd med naturmangfoldlovens §§ 8-12. I tråd med § 7 i same lov skal vurderingane gå fram av plandokumentet. Manglar ved planbeskrivinga vil kunne vere ein sakshandsamingsfeil.

Statsforvaltaren minner om at kantvegetasjonen langs vassdrag er lovbeskytta etter vannressursloven § 11. Videre minner vi om at tiltak i vassdraget vil kunne vere søknadspliktig etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag, og at eventuelle utfyllingar vil kunne vere avhengig av eit løye etter forureiningsregelverket, sjå <https://www.statsforvalteren.no/nb/agder/Miljo-og-klima/Forurensning/mudring-og-dumping/>.

Statsforvaltaren ber elles om at følgande vert vurdert og gjort reie for i det videre planarbeidet:

- Klima- og energiplanlegging, jf. pbl § 3-1 første ledd bokstav g.
- Støy, sjå retningsline for handsaming av støy i arealplanlegging T-1442/2016.
- Estetisk utforming/landskapsestetikk, jf. pbl. § 1-1 femte ledd.
- Universell utforming, jf. pbl. § 1-1 femte ledd.
- Vannforskrifta § 12.

Med helsing

Bjørn Loland (e.f.)  
seniorrådgivar  
Miljøvernavdelinga

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:  
Bygland kommune

Kommunehuset 4745 BYGLAND